



Notat

Dato: 18.07.2014
Arkivsak: 2014/16816-2
Saksbehandlar: karnyga3

Til: Samferdselsutvalet, fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Utløysing av opsjon - kontraktforlenging

Skyss har i dag kontrakt med Tide Buss om busskøyning i rutepakke Hardanger/Voss og med Modalen-Eksingedalen Billag i rutepakke Modalen/Vaksdal. For begge desse kontraktane utløper ordinær kontraktperiode 15.08.2015 og det gjeld ein einssidig opsjon for Skyss til å forlenge kontraktane med eitt år.

Fylkesrådmannen vil med dette informere om at det er gjort gjeldande opsjon på forlenga kontraktperiode for begge kontraktane. Kontraktane utløper etter dette 15.08.2016.